



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
054/16	Formannskapet	26.05.2016

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Terje Sætre
	Arkivnr.: 15/3710	Klassering:

Brot på alkohollovgjevinga - Rema 1000 Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rema 1000 Lindås har ikkje levert omsetningsoppgåve over faktisk omsett mengde alkohol for 2015 og forventa sal av alkohol 2016 innan kommunens frist som var 01.03.2016.

I samsvar med alkoholforskriftens § 10-3 blir Rema 1000 Lindås tildelt to prikker, jfr. kapittel 6 i forskriften.

Klage

Kommunens einskildvedtak etter § 1-8 og kap.3 og 7 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova § 1-16.

Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

.....

Kontrollutvalet for alkohol¹ – møte 06.05.2016

Kontrollutvalet for alkohol slutta seg samrøystes til rådmannens framlegg i saka.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal avgjerast Formannskapet

Bakgrunn

¹ To av utvalets tre medlemmer møtte: Stina Mongstad (AP) og Nina Øvreås (FRP)

Rema 1000 Lindås har ikkje levert omsetningsoppgåve over faktisk omsett mengde alkohol for 2015 og forventa sal av alkohol 2016 innan kommunens frist som var 01.03.2016.

Ifølgje alkoholforskriftens § 6-3 fastset løyvemyndigheita frister for løyvehavars innsending av oppgåve over forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk og innbetaling av gebyr. Ved årets utløp skal løyvehavar sende inn oppgåve over faktisk omsett mengde alkohol.

Kommunen skriv i brev av 05.02.2016 til samtlege sals- og skjenkestader om at oppgåve over faktisk omsett alkohol for 2015 og forventa sal/skjenking i 2016 må bli innsendt innan fristen på 01.03.2016. I dette skrivet vart sals- og skjenkestadene gjort merksam på at det er innført eit nytt nasjonalt prikkssystem som gjeld for alle landets kommunar, og at manglande levering av omsetningsoppgåve blir belasta med 2 prikker dersom fristen ikkje blir overhalde.

I skriv av 21.03.2016 til Rema 1000 Lindås blir salsstaden førehandsvarsla av kommunen om å bli tildelt 2 prikker for dette brot på alkohollovgjevinga. Salsstaden har ikkje kome med tilbakemelding på dette skrivet.

Reglene om prikktildelingsystemet inneber at ulike brot på alkohollovgjevinga blir tildelt eit visst tal prikker, og der 12 tildelte prikker i løpet av 2 år vil føre til ein standardreaksjon på inndragning i ei veke. Ordninga er obligatorisk, og kommunen er forplikta til å følgje dei pålegg som følgjer av alkoholforskriften.

Omsetningsoppgåva frå salsstaden har kommunen motteke 16.03.2016 – etter at fristen var gått ut.

Vurdering

I samsvar med alkoholforskriftens § 10-3 blir Rema 1000 Lindås tildelt to prikker, jfr. kap. 6 i forskriften.

.....

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost